



ÅRSRAPPORT 2016

— Mangfold, motivasjon og meistring —



Rehabiliteringssenter



Styret si samansetting

Styret har i 2016 hatt 7 medlemmer:

Styret ved RKHR 2016:

- Arve Due Lund, Styreleiar
- Børre Jacobsen, Nestleiar
- Ellen Marie Njøs Lillevangstu, Styremedlem
- Bjørn Lied Tønnesen, Styremedlem
- Aud Viken, Styremedlem
- Aage Ness, Styremedlem (repr. for tilsette)
- Kirsti Hellesøy, Styremedlem (repr. for tilsette)

Vara:

- Jofred Åsnes
- May Aasebø Hauken
- Kristina Strømmen (vara repr. for tilsette)

Brukarutvalet

Brukarutvalet har fire medlemmer som representerer ulike brukarorganisasjonar. Utvalet har hatt eitt møte i 2016.

Brukarutvalet 2016

- Ivar Halland, leiar Hørselshemmedes Landsforbund, Sogn og Fjordane
- Øystein Ryningen Norsk Revmatikerforbund Sogn og Fjordane
- Kari Ann Holme MS Forbundet, Sogn og Fjordane
- Turid Berge Vereide, Brystkreftforeningen, Sogn og Fjordane

Vara:

- Synnøve S. Engen Hørselshemmedes Landsforbund, Sogn og Fjordane
- Hjørdis Åsnes Norsk Revmatikerforbund, Sogn og Fjordane
- Stein Magne Aksnes Kreftforeningen, Hordaland



Styreleiar: Arve Due Lund

HELSING FRÅ STYRELEIAR

«Jeg har hatt gleden av å delta i å utvikle Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter i mange år. Jeg har fått arbeide sammen med dyktige fagfolk, og ikke minst mennesker som tror på og brenner for det de gjør.

Jeg er sikker på at vi har ledet tusenvis av mennesker i alle disse årene, gjennom trening og veiledning til et bedre liv. Jeg vet at våre brukere etter opphold hos oss kan føle mestring, og gjennom det fått troen på seg selv, fått evnen til å kunne ta tak i egne ressurser og bli sin egen terapeut.

Det har vært en glede å se at det å bygge opp et kunnskapssenter langt inne i en fjordarm, langt til nærmeste tettsted og by – faktisk er mulig. Ikke bare er det en faglig kraftstasjon, det er blitt en helt sentral aktør i norsk rehabilitering.

Jeg kan derfor med stolthet gi «styrelederpinnen» videre til nestemann. Lykke til videre.

Arve Due Lund
Styreleiar RKHR

MANGFALD, MOTIVASJON OG MEISTRING

Vi kan sjå tilbake på eit år der vi har tatt nye steg i retning av å styrke vår helsesportsprofil. Sjølv om senteret i 1992 vart opna som eit helsesports-senter, har institusjonen aldri fått den offisielle statusen som dette. Rehabiliteringstilbodet har likevel i stor grad vore bygd på dei prinsippa som ligg til grunn for helsesportsideologien, - fokus på den enkelte sine ressurser og bruk av tilpassa fysisk aktivitet for å auke delta-king sosialt og i samfunnet. Det styrka samarbeidet med dei to andre Helse-sportsentra bidreg til at vi har fått auka vår kompetanse innan aktivitetshjelpemiddel og tilrettelegging av aktivitetar for dei som har lågast funksjonsnivå. Dette er ein kompetanse vi har svært god nytte av når stadig fleire med nedsett funksjonsnivå søker om å få kome til senteret. Det er gledeleg at vi også har fått utvida utstyrsparken vår, slik at mange kan få prøve ut og få kjennskap til aktivitetshjelpemiddel som kan bidra til større deltaking. Vi veit kor viktig det er med godt tilpassa utstyr når ein skal oppleve glede og meistring gjennom aktivitetar. Det er difor eit mål å kunne få enda meir aktivitetsutstyr på plass, slik at vi kan hjelpe med å finne rett tilpassa utstyr til kvar enkelt brukar.

Senteret si plassering er eit godt utgangspunkt for å kunne drive med ulike aktivitetar på fjorden. Våre tilsette har i alle år vist stor kreativitet for å kunne få flest mogleg av våre pasientar ut i båt, kano eller kajakk. Det er ikkje alltid like lett å kome seg frå rullestol til ein ustabil kajakk på vatnet, og mange ulike metodar er prøvd for å få dette til på best mogleg vis. Det var difor ein entusiastisk gjeng som for fyrste gong prøvde ut prototypen for sjøsetting av kano/kajakk. Dette markerte starten på eit større prosjekt der vi vil vidareutvikle tilbodet innan fjord- og sjøaktivitetar for personar med funksjonsnedsettingar. Dette er ein ambisjon vi deler med eigaren vår, Sogn og Fjordane Røde Kors. Deira arbeid med ungdom der fokus på fellesskap, inkludering og frivilligheit står sentralt, passer godt inn i den nye satsinga vår. Ein møteplass for inkludering og fellesskap på tvers av funksjonsnivå, nasjonalitet og tru. Ein møteplass som skal motivere til aktivitet og gje nye utfordringar og meistringsopplevingar.

Vårlufta er ei påminning om at det er tid for generalforsamling og val av nytt styre. Vi er heldige som har eit



Administrerende direktør:
Inger Johanne Osland

kompetent styret som har følgt oss i mange år. Ikkje minst har vår styreleiar gjennom 18 år vore ein viktig samarbeidspart for leiinga på senteret. Arve Due Lund tok til som styreleiar i ei tid då senteret hadde økonomiske utfordringar, og har styrt organisasjonen fram til å verte ein solid insitusjon med høg fagleg kompetanse. Det er med stor respekt me takkar Arve for den innsatsen og det engasjementet han har lagt ned her på Haugland.

Inger Johanne Osland
Direktør

FJORD, SJØ OG FJÆRE



Dåp ved Flekkefjorden: F.v. Adm.dir. Inger Johanne Osland (RKHR), Asbjørn Sande (Røde Kors), Espen Frøysland (Kultursjef Bremanger kommune) og Synnøve Sande (Leiar Sogn og Fjordane Røde Kors)

Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter ligg vakkert til, tett på Flekkefjorden i Fjaler kommune. Det er ein stille og lun fjord, med mange fine moglegheitar for aktivitet.

Området vi ligg i, har lange tradisjonar innan båtliv og kystkultur. Fjorden var den viktigaste ferdselsåra, og var den som bandt saman folk og grender. I dag er fjorden først og fremst ein arena for aktivitet, avkopling og naturopplevingar. Vi er glade for å kunne nytte fjorden og fjordaktivitetar i rehabiliteringsprosessen, og ser at dette gir ein eigen dimensjon til rehabiliteringa. Mange av våre pasientar bur i nærleik til fjord, sjø eller vatn, og

overføringsverdien til livet heime er difor stor.

Vi er kjent for å ha pasientaktivitetar i vatn, med det flotte bassenganlegget vi har ved senteret. Men vi ser at aktivitetar på vatn utfordrar pasientane på heilt andre områder. Først og fremst er det ein god arena for balansetrening og koordinasjon, og vi brukar både robåtar, kanoar og kajakkar til dette.

Det er ikkje lenger slik at alle langs kysten er vant til å vere på vatn, og for einskilde pasientar representerer robåt eller kano ein barriere. Ein kan kjenne seg utrygg i eit ukjent element, og det kan vere utfordrande å stole på at kanoen «held». Det å

mestre noko ein frykter, ser vi kan gi gevinstar hos den enskilde. Om kanoen gyngar i starten og hjartet bankar, så vil ein etter kvart erfare at kanoen glir rolegare og at hjertebanken avtar. Ein då få opplevinga av å mestre det ein har frykta. Om ein har erfart dette ein gong, så kan ein klare det igjen. Kan hende er erfaringa viktig å ha med seg når ein skal oppsøke arbeidslivet eller ein ny arena igjen, når ein står der på terskelen og kjenner at livet «gynger» og at hjertet bankar. Vi trur at det å mestre nye og ukjente situasjonar kan ha ein viktig overføringsverdi til andre områder i livet.

På Haugland erfarer vi at fjorden

også er ein storslagen arena for naturopplevingar, avkopling og stillheit. Anten det er på vatnet, i fjæra eller langs land med fiskestang i handa. Vi er eit land med ein langstrakt kyst, med ein stolt kystkultur og eit stort spenn i aktivitetsmoglegheiter og fritid.

Vi har dei siste åra auka opp med kanoar, kajakkar og båter ved institusjonen. Sommaren 2016 var vi så heldige å få tre nye robåtar på Haugland. To av dei var ei gåve til rehabiliteringssenteret og Røde Kors sine sommarleiarar. Det var ein ven av senteret, Asbjørn Sande i Røde Kors, som var initiativtakaren til gáva, i lag med kultursjefen i Bremanger, Espen Frøysland. I juni hadde vi dåp av båtane ved Flekkefjorden, der leiar for Sogn og Fjordane Røde Kors, Synnøve Sande, døypte båtane i lett duskregn.

Trebåtane vart raskt tatt i bruk, og har vore til glede for både pasientar ved senteret og deltakarar på sommarleirane. Ei stor takk til dei som fekk dette til.

Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter ynskjer å bygge opp eit større tilbod framover innan sjø-, fjord- og fjæreaktivitetar, spesielt med tanke

på personar med funksjonshemming. Vi håpar å legge til rette for mange nye aktivitetar både i vatn, på vatn og kanskje under vatn? Vi ligg i ein landsdel med mykje vatn, og ynskjer å sjå på dette som ein ressurs i rehabiliteringsarbeidet vårt framover.



KURS FOR PASIENTAR MED EIN SJELDAN DIAGNOSE

Kvart år er det personar i Noreg som får ein «sjeldan diagnose». Dette er diagnosar ein høyrer lite om, fordi dei er mindre kjente enn dei vanlegare diagnosane. Ein av desse sjeldne diagnosane er Osteogenesis Imperfecta (OI), ein sjukdom som m.a. gir skjøre bein, lav beinmasse og fører til hyppige beinbrot. Fleire av pasientane er kortvokste og sit i rullestol. I samarbeid med TRS Kompetansesenter for sjeldne diagnosar arrangerte vi i 2016 kurs på Haugland for vaksne med OI. Hovudfokuset var å leve med OI som vaksen og ha eit aktivt liv. Det var TRS som tok initiativ til prosjektet då dei såg behov for å

få etablert eit landsdekkande tilbod til denne pasientgruppa.

Dette var ei pasientgruppe vi ikkje hadde hatt på senteret før, og kompetanseheving var difor lagt opp som ein del av prosjektet. Det vart gjennomført med både videokonferansar med fagpersonar/ spesialister på området frå TRS, internundervisning på senteret og ved at fagpersonar frå TRS deltok i sjølve prosjektgjennomføringa.

Det var sju pasientar som deltok i prosjektet, og dei kom frå ulike delar av landet. Det var lærerike veker, for

både deltakarane og for tilsette ved institusjonen. Deltakarane ga gode og konstruktive tilbakemeldingar på opplegget, og opplevde at Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter var godt tilrettelagt for deira behov. Spesielt fint var det å sjå at nye pasienthus med høgdejusterbar baderomsinnreiing fungerte godt for denne gruppa.

Tusen takk til tilsette ved TRS Sunnaas for godt samarbeid om kompetanseutvikling for oss her på senteret. Vi håper at vi kan fortsette dette samarbeidet og også tilby tilbod til denne pasientgruppa i framtida.



BESØK AV HELSEMINISTEREN

Vi hadde gleda av å ha Helseminister Bent Høie på besøk på Haugland frå 19.- 20. oktober 2016. Saman med statsråden var stortingsrepresentant Bjørn Lødemel og politisk rådgjevar i Helse- og omsorgsdepartementet, Atle Simonsen. Representantar frå Sogn og Fjordane Høgre, Fjaler Høgre og ordførarar frå Askvoll kommune og Fjaler kommune var også med på besøket.

Helseministeren og følget fekk bu i det herskapelege Bekkerhuset, der historia om Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter begynte. Overrettsaksførar Christian Bekker testamenterte eigedomen sin til Sogn og Fjordane Røde Kors i 1980, og dette ble starten på det moderne eventyret her på Haugland.

I sitt testamente la Bekker vekt på at området skulle brukast «til oppmuntring, glede og inspirasjon for andre unge med trang og evne til senere at yde noget av verdi». Dette har vore retningsgivande i utviklinga av eigedomen her på Haugland.

Pasientane er dei viktigaste ved institusjonen, og vi var glade for at Helseministeren ville møte fleire av dei. Han hadde frukost i lag med pasientar som var på opphald for arbeidsretta rehabilitering, og var opptatt av å høyre deira refleksjonar og erfaringar. Pasientane formidla gode erfaringar med eit institusjonsbasert opphald der tilbakeføring til arbeidsliv er hovudmålet.

Ved Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter har pasientane sine ressursar og moglegheiter alltid stått i fokus. Vi meiner dette er meir vesentleg enn dei begrensingane pasientane måtte ha, og at eit ressursfokus er sentralt i det ein møter fysiske eller psykiske utfordringar. Administrerande direktør og overlege orienterte difor ministeren om ressursorientert rehabilitering i spesialisthelsetenesta, og om styrkene vi ser ved dette når livet plutselig «blir bratt». Helseminister Høie responderte med at denne type tilnærming og tankegang er i tråd med det departementet har fokus på: Korleis kan ein person ha eit så godt liv som

mogleg med dei plagene ein har? Han understreka at ingen av oss går gjennom livet utan nokon form for fysiske eller psykiske plager. Det handlar difor mest av alt om korleis ein kan handtere plager best mogleg. På Haugland er det eit mangfaldig og internasjonalt miljø, og vi var glade for å vise fram dette for ministeren. Han fekk nærmare kjennskap til UWC Røde Kors Nordisk og det gode samarbeidet vi har mellom institusjonane på Haugland. Kvart år kjem det ungdom til Haugland frå krigs- og konfliktområde i verda, og nokre av desse studentane har fysiske funksjonshemmingar og kjem inn i «Survival of Conflict» programmet. «Survival of Conflict» var i si tid initiert av noverande utenriksminister Børge Brende, som den gong besøkte Haugland som generalsekretær i Norges Røde Kors. Studentane følgjer utdanningsprogrammet ved UWC Røde Kors Nordisk, og får spesialisert rehabilitering ved Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter. Erfaringane til no er svært gode. Høie fekk snakke nærmare med nokon av desse ungdommane, som kunne formidle meir om sine erfaringar og opplevingar til ministeren.



DELTA 2022

I samarbeid med Beitostølen Helsesportssenter (BHSS), Valnesfjord Helsesportssenter (VHSS) og Nasjonal kompetansetjeneste for barn og unge med funksjonsnedsettingar (Aktiv Ung) starta vi i 2016 opp prosjektet Delta 2022.

Målet med prosjektet er å:

- 1 Utvikle og styrke samarbeidet mellom dei tre «Helsesportssentra» i Noreg
- 2 Utvikle og styrke kunnskap og kompetanse innan aktivitets- hjelpemiddel
- 3 Styrke forskning innan habilitering og rehabilitering

- 4 Utvikle fleire tilbod til barn med funksjonsnedsettingar
- 5 Utvikle elektroniske løysingar for betre samhandling mellom spesialistinstitusjonar og lokale aktørar innan helse/fritid (E-Helse)

Del 1 av prosjektet omhandlar i hovudsak aktivitetshjelpemiddel, og vårt hovudmål i denne delen er å få etablere eksternt hjelpemiddellager her på Haugland. Ein av våre ergoterapeutar er engasjert i dette arbeidet. I tillegg har vi fått støtte til å starte med kartlegging av kva som finns av tilrettelagte fjord-/ sjøaktivitetar for personar med funksjonsned-

settingar, samt støtte til forarbeid til eit potensielt dr.gradsarbeid.

Me er no inne i forprosjektet som vil vare til september 2017. Som del av denne satsinga, arbeider vi med å få auke utstyrsparken vår innan aktivitetshjelpemiddel og få tilrettelagt for nytt aktivitetshjelpemiddellager og tilrettelagt sykkelbane. Med utgangspunkt i geografien vert det naturleg at RKHR fokuserar på sommaraktivitetar og aktivitetar for sjø. Prosjektet er støtta av Stiftelsen Sophies Minde.



15. november var fysioterapeut Guro Hjelle Aamot og ergoterapeut Katrine J. Field på besøk hjå Beitostølen Helsesportssenter (BHSS). Eitt av måla med besøket var å delta på ei hjelpemiddelmesse der ulike firma viste fram aktivitetshjelpemiddel. I samband med besøket fekk vi også ein del utstyr frå BHSS, og har fått utvida sortimentet vårt på aktivitetshjelpemiddel med to liggesyklar, tre tandemsyklar og ein sykkel med tre hjul.

CAMP FJALIR

Lions Club har i mange år vore opptekne av temaet helsesport, og har bidrege med betydelige midlar til å bygge opp helsesportsentre i Norge. Lions sin Røde Fjær aksjon i 1987 gjorde det mogleg å starte utbygginga av eit helsesportssenter her på Haugland. Tidlegare var både Beitostølen og Valnesfjord helseportssentre finansiert gjennom Lions sine Røde Fjær-aksjonar.

Heilt i frå etableringa av Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter har det vore godt samarbeid mellom Lions Club og institusjonane på Haugland. Sommaren 2016 fekk samarbeidet ein ny og spennande dimensjon, då Lions Club for første gong arrangerte sin sommarleir her på Haugland.

«Camp Fjalir» er Lions sin internasjonale ungdomsleir for ungdom med nedsett fysisk funksjonsevne. Leiren blir arrangert i samarbeid mellom Lions Club, UWC Connect, UWC Røde Kors Nordisk og Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter. Leiren er engelskspråkleg og samlar ungdom frå fleire ulike nasjonar. Målet er mellom anna å skape forståing, toleranse og fred.

Rammene for leiren var idylliske, med Haugland og det maritime miljøet som arena. I tillegg hadde dei glede av bassengaktivitetar, bogeskyting og rappelling på land. Leiren var ei stor oppleving for deltakarar og frivillige, og vi ser fram til å ha dette som eit årleg arrangement på Haugland framover.



Foto: Lions Club/ Camp Fjalir

Praksisstudentar

Vi har hatt studentar og elevar frå følgjande skular:

- Høgskulen på Vestlandet (Bergen), avd. fysioterapi
- Høgskulen på Vestlandet (Bergen), avd. sjukepleie
- Høgskulen på Vestlandet (Bergen), avd. ergoterapi
- Høgskulen på Vestlandet (Bergen), avd. idrett
- Høgskulen på Vestlandet (Førde), avd. sjukepleie
- Høgskulen på Vestlandet (Sogndal), avd. idrett
- Høgskulen på Vestlandet (Stavanger), avd. ergoterapi
- Høgskulen på Vestlandet: Vidareutdanning i rehabilitering, helsefremming og velferdsteknologi
- RCN United World College – PBL «Life at Haugland»
- Dale vidaregåande skule: Helsefag

NETTVERK

Vi har i 2016 vore representert i:

- Nasjonalt nettverk for kreftrehabilitering
- Nasjonalt nettverk for arbeidsretta rehabilitering

- Referansegruppe for regionalt kompetansesenter for habilitering og rehabilitering
- Nettverk for nevrologi, Sogn og Fjordane

- Ressursnettverk for sjukepleiarar i kreftomsorg og lindrande behandling, Sogn og Fjordane

HOSPITERING

Det er hyggelig å sjå at fagpersonar utanfrå ynskjer å bli betre kjent med arbeidet ved RKHR. Også i år har vi tatt imot fleire grupper til hospitering frå fleire ulike fagfelt. Hospitering er ein god arena for kunnskapsformidling, og det gir moglegheiter for utveksling av erfaring på tvers av institusjonar og arbeidsplassar. Vi trur at dette aukar kompetanse og forståing hos dei involverte, som igjen kan bety betre samhandling i tenestene for pasientane.

Tema for hospiteringsbesøk i 2016 har i hovudsak vore knytt til muskel/skjelettlidingar, utmatting, kreft og nevrologi, i tillegg til RKHR si tilnærming innan kognitiv terapi. Vi har tatt imot hospitantar frå m.a. Nakke- og ryggpoliklinikken i Bergen, kirurgisk poliklinikk Helse Førde, kreftpoliklinikken i Helse Førde, Ravneberghaugen rehabiliteringssenter, samt kreftkoordinatorar og helsepersonell frå ulike kommunar i Hordaland og Sogn og Fjordane.

KURS/ KONFERANSAR

Tilsette ved Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter har bidrege med foredrag og innlegg ved eksterne fagdagar, seminar og konferansar både innan Helse Førde og i Helse Bergen. Vi har også vore representert i programnemnd for regional forskingskonferanse som var gjennomført i Bergen i september.

Institusjonen har hatt innlegg ved fleire kurs ved Lærings- og

meistringssentre i fylket, innan m.a. kognitiv terapi og diabetes. Vi har undervist om rehabilitering for tilsette i Helse Førde, har hatt foredrag på Kreftforeningen sin temakafé, samt innlegg på MS-konferansen i Sogn og Fjordane. I tillegg har vi hatt innlegg på Fylkesmannen si turnussamling for legar og fysioterapeutar.

TEKNOLOGISKE FRAMSTEG

Den teknologiske utviklinga vi ser i samfunnet gir stadig nye moglegheitar for effektivisering og forbetring. Dette gjeld også innan spesialisert rehabilitering. Ved Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter ser vi at ny teknologi kan vere eit nyttig hjelpemiddel både for pasientar og tilsette, og vi ser at det bidrar til auka kvalitet på fleire område.

I 2016 innførte vi eit internettbasert system for brukerevaluering etter opphald ved RKHR (sjå eige sak). Vi tok også i bruk nye og innovative

løysingar i journalsystemet vårt, t.d. SMS-sending frå Journal. Denne løysinga mogeleggjjer kontakt med pasientar både før, under og etter eit opphald. Pasientane våre får no SMS-varsel 14 dagar før planlagt ankomst. Med denne løysinga klarer vi i større grad å fange opp avbestillingar eller behov for endring, og kan utnytte kapasiteten ved institusjonen betre.

Saman med vår journalleverandør har vi og utvikla løysingar som gjer det mogeleg å kommunisere elektro-

nisk med pasientar og andre aktørar. Med nivå 4-sikkerheit kan pasientopplysningar sendast mellom RKHR, pasient og behandlarar.

Den teknologiske utviklinga har eit stort potensiale. Internt vil det spare oss for mykje tid og mange manuelle prosessar. Eksternt kan det bety enklare og sikrere kommunikasjon, og det kan betre brukaropplevinga for pasientane. Det er spennande å vere med i denne utviklinga, og vi ser at det opnar opp mange nye moglegheitar i tida framover.

KOMPETANSEUTVIKLING

Det har vore stor kursaktivitet blant dei tilsette ved RKHR i 2016. Størst aktivitet har det vore på helseavdelinga, men også tilsette innan drift og administrasjon har delteke på relevante kurs.

Hovudfokus for kompetanseheving i 2016 har vore:

- Arbeid og helse (arbeidsretta rehabilitering)
- Kreft/ lymfødem
- Hjerneslag

- Nevrologi, spesielt inn mot MS og CFE/ME
- Kognitiv terapi/ metakognitiv terapi (MCT)
- Samhandling
- Friluftsliv/ ute-rehabilitering

Ein tilsett held på med mastergrad knytt opp mot tilrettelegging av aktivitetshjelpemiddel på sjø. Ein annan tilsett har starta prosessen mot sitt doktorgradsarbeid.

Driftsavtaler

Senteret har i 2016 hatt avtale med Helse Vest om levering av rehabiliteringstenester. Avtala omfattar to delavtalar; avtale om spesialiserte rehabiliteringstenester og avtale innanfor Raskare tilbake-ordninga.

Avtale om spesialisert rehabilitering

Avtala omfattar totalt 59 plassar, og av dette er om lag fire plassar knytt til dagtilbod. Innanfor denne ramma skal følgjande pasientgrupper prioriterast:

- Pasientar med følgjetilstander etter kreftsjukdom
- Pasientar med neurologisk sjukdom
- Pasientar med muskel-/skjelett-, bindevev-, revmatiske- og smertelidingar
- Pasientar med tinnitus/ menières
- Pasientar med hjerneslag
- Pasientar med traumatisk hovudskade
- Pasientar med sjukleg overvekt

Avtale innanfor Raskare tilbakeordninga

Avtala omfattar 11 plassar inkl. ein dag-plass. Avtala vart forlenga frå 31.12.15 til 31.12.16.


Driftstilskot til lymfødempoliklinikk

Senteret har også i 2016 hatt avtale med Fjaler og Askvoll kommune om 20 % driftstilskot til fysioterapeut for å drive lymfødempoliklinikk. Tilbodet gjeld komplett fysikalsk lymfødembehandling (KFL), samt rettleiing etter kreftbehandling. Poliklinikken gjev tilbod til pasientar som ikkje er innlagt ved senteret, i tillegg til undervisning og lymfødempvurderingar/behandling til inneliggande pasientar.

Poliklinikken gir rettleiing til fysioterapeutar i kommunehelsetenesta i fleire kommunar som har pasientar med lymfødempromblematikk.

DIAGNOSEFORDELING

■ Svulstar	6 %
■ Nevrologi	16 %
■ Muskel skjelett-, bindevev-, revmatiske- og smertelidingar	50 %
■ Tinnitus	2 %
■ Sjukleg overvekt	8 %
■ Hjerneslag	5 %
■ Hjernveskade	0,5 %
■ Andre diagnoser	12,5 %



12,5 % kjem inn under andre diagnoser, i hovudsak lettare psykiske lidingar, uspesifisert smerte og trøttleik.


PASIENT-SAMANSETTING

I 2016 kom det totalt 1 266 personar til Haugland for rehabiliteringsopphald. Tal opphaldsdøgn/-dagar var til saman 25 421, inkl. avtalen innan Raskare tilbake.

Vi ser stor variasjon i alder på pasientane våre. Vi får søknader frå stadig yngre pasientar og vi får fleire søknader på eldre pasientar. Gjennomsnittsalder i 2016 var 52 år. I 2016 fekk vi fleire søknadar på opphald for barn under 18 år enn det vi har hatt tidlegare.

Ved Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter kjem nærmare 60 % av pasientane frå Hordaland fylke, dei fleste frå Bergen kommune. Den geografiske fordelinga er relativt stabil, men vi ser ei lita auke i på tilvisingar frå Sogn og Fjordane.

Senteret er den største private rehabiliteringsinstitusjonen på Vestlandet, og vi ser at senteret er anerkjent i regionen. Pasientar frå totalt 90 kommunar har vore her på rehabilitering i 2016. Bortsett frå ein liten del frå andre helseregionar (1 %), høyrer pasientane til under Helse Vest.












Kartet syner ei oversikt over kommunar på Vestlandet som har pasientar ved Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter

BRUKAREVALUERING

Alle pasientane ved Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter blir ved avreise bedt om å evaluere opphaldet. Brukarevalueringa tar utgangspunkt i Kunnskapssenteret sitt spørreskjema. Ein skal svare på 39 spørsmål, med gradering frå 1-5, med 5 som

beste resultat. Svarprosenten i 2016 var på 77 %, ei betydeleg auke frå året før med 65 % svarprosent. Vi har jobba for betre tilrettelegging rundt brukarevalueringa, og frå 2016 kunne pasientane også fylle ut skjemaet elektronisk på mobil/nettbrett. Dette

har vore eit positivt framsteg, og vi er glade for at stadig fleire pasientar gir oss nyttige og konstruktive tilbakemeldingar på tilbodet ved Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter.



RESULTATMÅL FOR RASKARE TILBAKE

For pasientar som deltek på arbeidsretta rehabilitering, vert endring i arbeidsdeltaking målt etter 6 og 12 månadar. For pasientar som deltok på dette programmet i 2016, har vi resultatmål frå 6 månadars registreringa.

Pasientane i denne gruppa har ein snittalder på 43 år. 58 % er kvinner


og dei fleste er søkt inn med muskelskjelettlidingar som hovuddiagnose. Ved ankomst oppgir 60 % å ha vore sjukmeldt > 7 månadar.

Nesten halvparten (46 %) scorar høgt innan angst og/eller depresjon når dei kjem til Haugland. Ved avreise finn vi signifikant reduksjon i score for både angst og depresjon.

Etter 6 månadar er 74 % av pasientane tilbake i arbeid. Frå ankomst til 6 månader etter opphald er andelen som er 100 % sjukmeldt redusert med 57 %.

Vi er glade for å sjå god effekt av tilbodet vårt innan arbeid og helse.

Endring i sjukemelding frå ankomst til 6 månader etter opphald




RESULTATMÅL

Endring av tilstand

Ved avreise ber ein pasientane om å fylle ut skjema for subjektiv vurdering av endring (Patients Global Impression of Change). Svarprosenten auka frå 83 % i 2015 til 88 % i 2016.

Vi ser også ei auke i andelen pasientar som opplever betring etter behandling; frå 86 % i 2015 til 88 % i 2016.



ÅRSMELDING FOR 2016

Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter AS

1. Art og lokalisering

Selskapet driv med spesialisert rehabilitering og har avtale med Helse Vest RHF om levering av spesialiserte rehabiliteringstenester og rehabilitering innan «Raskare tilbake» ordninga. Selskapet er lokalisert på Haugland i Fjaler Kommune.

2. Resultat og stilling

Rekneskapet for 2016 er positivt med kr 3 332 956,-. Bokført egenkapital er redusert frå 16 376 994 til kr. 15 688 914. På grunn av auke i omsetning og tal tilsette, kan ikkje selskapet lenger følge rekneskapsreglane for små føretak. Difor har vi mellom anna måtte balanseføre framtidige pensjonsforpliktingar. Dette forklarar reduksjonen i egenkapital.

3. Framtidig utvikling

Aktivitet og drift har vore stabilt aukande over dei seinare åra. Alt tyder på at denne utviklinga vil halde fram. Sentralt i driftsgrunnlaget er driftsavtalen med Helse Vest RHF. Noverande avtale er gjeldande frå 01. 01. 15 til 31.12.20. Selskapet avventar søknad om skattefritak.

4. Framleis drift

Styret stadfestar at føresetnaden for framleis drift er til stades og dette er lagt til grunn ved avlegging av årsrekneskapen.

5. Finansiell risiko

Selskapet er i liten grad eksponert for finansiell risiko. Marknadsrisiko er beskjeden så lenge ein har drifts-avtale med helseføretaket i regionen. Det same gjeld kredittrisiko og likviditetsrisiko. Det er liten risiko for vesentlege tap på krav og selskapet har solid likviditet.

6. Arbeidsmiljø

Totalt sjukefråvær i 2016 var på 4,6 %. Det er vår oppfatning at arbeidsmiljøet og den generelle trivsel på arbeidsplassen er god.

7. Likestilling og diskriminering

Tal årsverk sysselsett i rekneskapsåret var 64. Gjennomsnittleg tal tilsette var 85 av dette var 15 menn og 70 kvinner. Selskapet sitt styre har 7 medlemmer. Fire menn og tre kvinner.

Selskapet praktiserer likestilling mellom kjønna og diskrimineringslova sine formål er oppfylte i det daglege. Styret har soleis ikkje funne det påkrevd å sette i verk spesielle tiltak på desse områda.

8. Ytre miljø

Selskapet har ikkje verksemd som verkar inn på det ytre miljø.

Balanse

EIENDELER	Noter	2016	2015
Anleggsmidler Immaterielle eiendeler			
Utsatt skattefordel	8	1 872 867	173 332
Sum immaterielle eiendeler		1 872 867	173 332
Varige driftsmidler			
Tomter, bygninger og annen fast eiendom	3	675 901	766 301
Maskiner og anlegg		53 700	0
Transportmidler		73 500	93 100
Driftsløsøre, inventar, verktøy, kontormaskiner o.l.	3	3 188 404	3 692 739
Sum varige driftmidler		3 991 505	4 552 130
Finansielle anleggsmidler			
Investering i aksjer og andeler	6	645 469	221 250
Sum finansielle anleggsmidler		645 469	221 250
Sum anleggsmidler		6 509 841	4 946 712
Omløpsmidler			
Varer		257 370	293 901
Fordringer			
Kundefordringer		14 412	163 370
Andre kortsiktige fordringer	6	2 003 509	1 133 163
Sum fordringer		2 017 921	1 296 533
Bankinnskudd, kontanter o.l.	7	24 455 824	22 315 921
Sum omløpsmidler		26 731 115	23 906 355
SUM EIENDELER		33 240 956	28 853 067

	Noter	2016	2015
EGENKAPITAL OG GJELD			
Egenkapital			
Innskutt egenkapital			
Aksjekapital		2 558 312	2 558 312
Sum innskutt egenkapital		2 558 312	2 558 312
Opptjent egenkapital			
Annen egenkapital		13 130 602	13 818 682
Sum opptjent egenkapital		13 130 602	13 818 682
Sum egenkapital	4	15 688 914	16 376 994
Gjeld			
Avsetning for forpliktelser			
Pensjonsforpliktelser	9	7 631 521	0
Sum avsetning for forpliktelser		7 631 521	0
Kortsiktig gjeld			
Gjeld til kredittinstitusjoner		19 736	9 407
Leverandørgjeld		1 518 507	1 559 320
Betalbar skatt	8	1 463 440	2 371 991
Skyldige offentlige avgifter		2 957 646	2 716 121
Annen kortsiktig gjeld		3 961 192	5 819 234
Sum kortsiktig gjeld		9 920 521	12 476 074
Sum gjeld		17 552 042	12 476 074
SUM EGENKAPITAL OG GJELD		33 240 956	28 853 067

Resultat

DRIFTSINNTEKTER OG DRIFTSKOSTNADER	Noter	2016	2015
Driftsinntekter		70 378 261	68 967 140
Annen driftsinntekt		2 557 914	2 917 497
Leieinntekt	5	681 534	617 978
Sum driftsinntekter		73 617 709	72 502 615
Varekostnad		3 346 188	3 243 595
Lønnskostnad	2	43 737 638	40 540 000
Ordinær avskrivning	3	1 021 300	930 848
Annen driftskostnad	2,5	21 138 518	18 513 257
Sum driftskostnader		69 243 643	63 227 699
Driftsresultat		4 373 065	9 274 917
Finansinntekter og finanskostnader			
Annen renteinntekt		181 789	222 146
Annen rentekostnad		-6 756	-1 516
Netto finansresultat		175 033	220 630
Ordinært resultat før skattekostnad		4 549 098	9 495 546
Skattekostnad på ordinært resultat	8	-1 216 142	-2 578 073
Ordinært resultat		3 332 956	6 917 473
ÅRSRESULTAT		3 332 956	6 917 473
Overføringer			
Overført til/-fra annen egenkapital		3 332 956	6 917 473
Sum overføringer		3 332 956	6 917 473

Førde, 3. april... 2017

Arve Due Lund
Styreleder

Børre Jacobsen
Nestleder

Aud Alice Viken
Medlem

Bjørn Lied Tønnesen
Medlem

Age Henry Ness
Medlem

Ellen Marie Njøs Lillesvangstu
Medlem

Kirsti Nordstokkå Hellesøy
Medlem

Inger Johanne Bergstad Osland
Daglig leder

Førde, 3. april 2017

Arve Morten Due Lund
Styreleder

Børre Jacobsen
Nestleder

Age Henry Ness
Medlem

Ellen Marie Njøs Lillesvangstu
Medlem

Aud Alice Viken
Medlem

Kirsti Nordstokkå Hellesøy
Medlem

Bjørn Lied Tønnesen
Medlem

Inger Johanne Bergstad Osland
Daglig leder

Noter

Note 1 – Regnskapsprinsipper

Årsregnskapet er satt opp i samsvar med regnskapsloven og god regnskapsskikk i Norge.

Generelle inntekts- og kostnadsføringsprinsipper

Regnskapet bygger på de lovbestemte regnskapsprinsipper og god regnskapsskikk.

Inntekt resultatføres når den er opptjent, normalt på leveringstids-punktet ved salg av varer og tjenester.

Utgifter sammenstilles med og kostnadsføres samtidig med de inntek-ter utgiftene kan henføres til.
Utgifter som ikke kan henføres direkte til inntekter kostnadsføres når de påløper.

Hovedregel for vurdering og klassifisering av eiendeler og gjeld

Hovedregel for vurdering og klassifisering av eiendeler og gjeld
Eiendeler bestemt til varig eie eller bruk er klassifisert som anleggs-midler. Andre eiendeler er klassifisert som omløpsmidler. Fordringer som skal tilbakebetales innen et år er klassifisert som omløpsmidler. Ved klassifisering av kortsiktig og langsiktig gjeld er tilsvarende krite-rier lagt til grunn.

Omløpsmidler vurderes til laveste av anskaffelseskost og virkelig verdi.

Anleggsmidler vurderes til anskaffelseskost, men nedskrives til gjenvin-nbart beløp dersom dette er lavere enn bokført verdi, og verdifallet forventes ikke å være forbigående. Anleggsmidler med begrenset økonomisk levetid avskrives planmessig.

Note 2 – Lønnskostnad, antall ansatte, godtgjørelser, lån til ansatte mm.

Lønnskostnad	2016	2015
Lønn	34 567 467	32 543 909
Folketrygdavgift	3 985 664	3 604 462
Pensjonskostnader	5 096 693	3 773 640
Andre ytelser	87 813	617 989
Sum	43 737 638	40 540 000
Antall årsverk	64	65
Ytelser til ledende personer	Annen Lønn godtgjørelse	Sum
Daglig leder	888 733	7 014 895 747
Styrehonorar	150 710	0 150 710

I pensjonskostnader for 2016 inngår endring i beregnede pensjonsfor-pliktelsene fra 31.12.2015 til 31.12.2016 med kr 1 822 575. Selska-pet er i 2016 gått over fra å følge regnskapsreglene for små foretak til øvrige og må derfor balanseføre pensjonsforpliktelser, jf. note 9.

Revisor

Godtgjørelse i året til Deloitte AS for revisjon utgjør kr 68.750. Godt-gjørelse for teknisk regnskapsbistand og oppsett av ligningspapir utgjør kr 10.000. Honorar for andre tjenester utgjør kr 29.813.

Note 3 – Varige driftsmidler

	Bygg	Inventar, utstyr, maskiner	Sum
Anskaffelseskost 01.01	1 659 781	9 391 519	11 051 300
Tilganger	0	460 675	460 675
Avganger	0	0	0
Anskaffelseskost 31.12	1 659 781	9 852 194	11 511 975
Akk. avskrivinger 01.01	893 480	5 605 690	6 499 170
Årets avskrivinger	90 400	930 900	1 021 300
Akk. avskrivinger 31.12	983 880	6 536 590	7 520 470
Bokført verdi 31.12	675 901	3 315 604	7 520 470
Økonomisk levetid	10 år	3-10 år	
Avskrivningsplan	Lineær	Lineær	

Note 4 – Aksjekapital, aksjonærinformasjon og egenkapital

Aksjekapitalen i selskapet består av to aksjeklasser.
B-aksjene gir ikke stemmerett.

Eierstruktur	Antall	Klasse	Pålyd-ende	Eier-andel	Stemme andel
SFRK Eigedom AS	2 500 000	A	1,-	97,7 %	100 %
SFRK Eigedom AS	58 312	B	1,-	2,3 %	0 %
Totalt antall aksjer	2 558 312			100,0 %	100 %

Spesifikasjon av egenkapital:		Annen	
	Aksjekapital	egenkapital	Sum
Egenkapital 01.01.	2 558 312	13 818 682	16 376 994
Netto pensjonsforpliktelser ført direkte mot EK		-4 021 036	-4 021 036
Årets resultat		3 332 956	3 332 956
Egenkapital 31.12	2 558 312	13 130 602	15 688 914

Note 5 – Leieavtaler

Selskapet leier bygninger og anlegg av morselskapet Sogn og Fjordane Røde Kors Eigedom AS. En del av disse lokalitetene framleies til Røde Kors Nordisk United World College.

Leie til Sogn og Fjordane Røde Kors Eigedom AS er kostnadsført med kr 7 440 000. Framleie til Røde Kors Nordisk United World College er inntektsført med kr 160 000.

Noter

Note 6 – Tilknyttet selskap i samme konsern

Firma	
Haugland Internasjonale FOU Senter AS	
Ansk. tidspunkt	08.06.1995
Forretningskontor	Fjaler
Eier-/stemmeandel	33,28%
Egenkapital pr. 31.12.15	206 094
Resultat 2015	53 826
Bokført	200 000

Mellomverende med morselskap, Sogn og Fjordane Røde Kors Eigedom AS:

Mellomverende pr. 31.12	2016	2016
Langsiktig fordring	0	0
Kortsiktig gjeld	0	372 400

Andre aksjer og eierandeler

Firma	
Framtidsfylket	
Ansk. tidspunkt	2016
Forretningskontor	Førde
Antall	17
Egenkapital pr. 31.12.15	1 283 000
Resultat 2015	73 000
Bokført	21 250

Note 7 – Bankinnskudd

Bankinnskudd, kontanter o.l. omfatter bundne skattetrekksmidler med kr1 394 051

Note 8 – Skattekostnad

Spesifikasjon av skattekostnad	2016	2015
Betalbar skatt	1 463 440	2 371 991
Skatteeffekt på avsatt konserbidrag	0	0
Skatteeffekt på prinsippendring pensjonsforpliktelser	1 452 237	0
Endring i utsatt skatt	-1 699 535	206 082
Skattekostnad	1 216 142	2 578 073

Avstemming skattekostnad	2016	2015
Årsresultat før skatt	4 549 098	9 495 546
Forventet inntektsskatt etter nominell skattesats (25%/27%)	1 137 275	2 563 797

Skatteeffekten av følgende poster:

Andre ikke fradragsberettigede kostnader	803	379
Virkninger av endringer i skatteregler og -satser	78 038	13 897
Andre poster	0	0
Skattekostnad	1 216 143	2 578 073

Spesifikasjon av skatteeffekten av midlertidige forskjeller:	2016	2015
Driftsmidler	-584 313	-681 330
Kundefordringer	412 219	-12 000
Pensjonsforpliktelser	-7 631 521	0
Netto utsatt skattefordel/-forpliktelse	-7 803 615	-693 330
Netto utsatt skattefordel (-)/forpliktelse i balansen (+)	-1 872 867	-173 333
Benyttet skattesats	24%	25%

Selskapet har til behandling søknad om skattefritak hos skattemyndighetene.

Note 9 – Pensjonskostnader, -midler og -forpliktelser

Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter AS er pliktig til å ha tjenestepensjon etter lov om obligatorisk tjenestepensjon. Selskapets pensjonsordninger tilfredsstiller kravene i denne loven. Selskapet har en ytelsesbasert pensjonsordning for sine ansatte. Ytelsesbserte ordninger gir rett til definerte fremtidige ytelser. Disse er i hovedsak avhengig av antall opptjeningsår, lønnsnivå ved oppnådd pensjonsalder og størrelsen på ytelsene fra folketrygden. Forplik-telsene er fondert gjennom et forsikringsselskap. Pensjonsordningen medfører en regnskapsmessig forpliktelsen som er balanseført i regnskapet. Den balanseførte forpliktelsen inkluderer også avtalefestet pensjon (AFP). Pensjonsforpliktelsen regnskapsføres for første gang i 2016. Fjorårets pensjonskostnader er derfor ikke spesifisert.

	2016	2015
Nåverdi av årets pensjonsopptjening	5 106 279	0
Rentekostnad av pensjonsforpliktelsen	731 193	0
Avkasting på pensjonsmidler	-610 899	0
Periodisert arbeidsgiveravgift	583 530	0
Andre pensjonskostnader (innskuddsordning m.m.)	278 431	0
Netto pensjonskostnad	6 088 534	0

Antall personer omfattet av ordningen	2016	2015
Aktive	82	80
Pensjonister	9	11
Totalt	91	91

Økonomiske forutsetninger (ytelsesbaserte ordninger)	2016	2015
Diskonteringsrente	2,6 %	2,7 %
Forventet lønnsregulering	2,5 %	2,5 %
Forventet pensjonsøkning	1,5 %	1,5 %
Forventet regulering av folketrygdens grunnbeløp (G)	2,3 %	2,3 %
Forventet avkastning på fondsmidler	3,6 %	3,3%

	2016	2015
Påløpte pensjonsforpliktelser	27 169 150	22 229 193
Pensjonsmidler (til markedsverdi)	-22 756 076	-16 976 982
Periodisert arbeidsgiveravgift	731 412	556 735
Ikke resultatført virkning av estimatavvik	2 487 035	0
Netto pensjonsforpliktelse	7 631 521	5 808 946

Til generalforsamlinga i Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter AS

MELDING FRÅ UAVHENGIG REVISOR

Fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen

Konklusjon

Vi har revidert Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter AS sin årsrekneskap som viser eit overskot på kr 3 332 956. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2016, resultatrekneskap og kontantstraumoppstilling for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining er den vedlagde årsrekneskapen avlagd i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvisande bilete av selskapet si finansielle stilling per 31. desember 2016, og av resultata og kontantstraumar for rekneskapsåret avslutta per denne datoen i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne i *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av selskapet slik det er krav om i lov og forskrift, og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

Anna informasjon

Leiinga er ansvarleg for anna informasjon. Anna informasjon består av årsmeldinga, men omfattar ikkje årsrekneskapen og revisjonsmeldinga.

Vår fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen dekkjer ikkje anna informasjon, og vi attesterer ikkje anna informasjon.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det vår oppgåve å lese anna informasjon med det formål å vurdere om det føreligg vesentleg inkonsistens mellom anna informasjon og årsrekneskapen, kunnskap vi har opparbeidd oss under revisjonen, eller om den tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon.

Dersom vi hadde konkludert med at anna informasjon inneheld vesentleg feilinformasjon er vi pålagt å rapportere det. Vi har ingenting å rapportere i så måte.

Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, samt at den gir eit rettvisande bilete i samsvar med regnskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for slik intern kontroll som dei finn naudsynt for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til selskapet si evne til å halde fram med drifta og opplyse om tilhøve av betydning for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvika.

Deloitte refers to one or more of Deloitte Touche Tohmatsu Limited, a UK private company limited by guarantee ("DTTL"), its network of member firms, and their related entities. DTTL and each of its member firms are legally separate and independent entities. DTTL (also referred to as "Deloitte Global") does not provide services to clients. Please see www.deloitte.no for a more detailed description of DTTL and its member firms.

© Deloitte AS

Registrert i Foretaksregisteret Medlemmer
av Den norske Revisorforening
Organisasjonsnummer: 980 211 282

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen

Vårt mål er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentlig feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller utilsikta feil, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld vår konklusjon. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av sikkerheit, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller utilsikta feil. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom den, enkeltvis eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

Som del av ein revisjon i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, utøver vi profesjonelt skjønn og viser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoane for vesentleg feilinformasjon i årsrekneskapen, enten det skuldast misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Vi utformar og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtere slike risikoar, og hentar inn revisjonsbevis som er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår. Risikoen for at vesentleg feilinformasjon som følgje av misleg framferd ikkje blir avdekka, er høgare enn for feilinformasjon som skuldast feil som ikkje er tilsikta, sidan misleg framferd kan innebere samarbeid, forfalsking, bevisste utelatingar, feil presentasjonar eller overstyring av intern kontroll.
- opparbeider vi oss ei forståing av intern kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlingar som er føremålstenlege etter tilhøva, men ikkje for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av selskapet sin interne kontroll.
- evaluerer vi om rekneskapsprinsippa som er brukte er føremålstenlege og om rekneskapsestimata og tilhøyrande noteopplysningar som er utarbeidd av leiinga er rimelege.
- konkluderer vi på om leiinga sin bruk av framhald av drift-føresetnaden i årsrekneskapen er formålstenleg, basert på innhenta revisjonsbevis, og om det føreligg vesentleg usikkerheit knytt til hendingar eller tilhøve som kan skape tvil av betydning om selskapet si evne til å halde fram med drifta. Dersom vi konkluderer med at det eksisterer vesentleg usikkerheit, må vi i revisjonsmeldinga gjere merksam på tilleggsopplysningane i årsrekneskapen, eller, dersom slike tilleggsopplysningar ikkje er tilstrekkelege, at vi modifiserer konklusjonen vår om årsrekneskapen og årsmeldinga. Konklusjonane våre er basert på revisjonsbevis innhenta inntil datoen for revisjonsmeldinga. Etterfølgjande hendingar eller tilhøve kan likevel føre til at selskapet ikkje held fram med drifta.
- evaluerer vi den samla presentasjonen, strukturen og innhaldet i årsrekneskapen, inkludert tilleggsopplysningane, og om årsrekneskapen gjev uttrykk for dei underliggjande transaksjonane og hendingane på ein måte som gir eit rettvisande bilete.

Vi kommuniserer med dei som har overordna ansvar for styring og kontroll mellom anna om det planlagde omfanget av revisjonen og til kva tid revisjonsarbeidet skal utførast. Vi utvekslar også informasjon om tilhøve av betydning som vi har avdekka gjennom revisjonen, samt om eventuelle svakheiter av betydning i den interne kontrollen.

Fråsegn om andre lovmessige krav

Konklusjon om årsmeldinga

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen og føresetnaden om at drifta skal halde fram er konsistente med årsrekneskapen og i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenkla revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å sørgje for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av selskapet sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Førde, 3. april 2017
Deloitte AS


Leif Kihnes
statsautorisert revisor



Rehabiliteringssenter



Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter AS

6968 Flekke • Tlf. 57 73 71 00 • www.rkhr.no